

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 11.10.04 **Tid:** 08.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Administrasjonssjefen og ass.adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. oktober 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent med følgjande tilleggssak: sak 25/04; Leigeavtale klubbhuset i Hagabotnane.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

PØ slutta seg til at det vert laga ei sak til kommunestyret der det vert framlegg om å opprette eit ad hoc utval som skal jobbe ilag med ordføraren i spørsmål vedk. samferdsle.

Fylkeskommunen har i brev gjeve tilbod om sekretærfunksjonen til kontrollutvalet. Det vert og vurdert samarbeid mellom fleire kommunen om ei felles sekretærløysing.

Marit Aase har fått tildelt kr. 25.000,-. I stipend frå KS til vidareutdanning.
Ordføraren skal delta på samling i Brussel i lag med KS-styret den 17-21.nov.
Ordføraren skal ilag med pedagogisk konsulent delta i eit partnarmøte i Kenya den 10-19. desember i samband med Nord-Sør prosjektet til Samnanger kommune Ordføraren orienterte om prosjektet. Kommunestyremøtet vert difor flytta til den 21.desember.

PØ fekk orientering om dei lokale lønsforhandlingar hausten 2004, jfr. Notat 04/277 frå personalsjefen. Frist for å få inn krava er 15 oktober.
Lønspolitisk plan er retningsgjevande.

Budsjettmøte den 15 og 16 november vert dagmøte.
Budsjettmøta med einingane held fram og er viktig grunnlag i budsjettprosessen. Ordføraren tok og opp spørsmålet om det framleis er politisk ønskje om eksternvurdering av organisasjonen. Utvalet oppsummerar etter siste informasjonsmøte og gjev signal til administrasjonssjefen om kva som bør prioriterast og evt. utgreiast nærare.

Rivingsvedtaket av kårhuset på Tysseland vil verte prøvd for retten. Kommunen må ha ein strategi med tanke på erstatningskrav.

Kommunestrukturdebatten går vidare med nytt møte den 18. oktober på Terminus i Bergen. Kvam herad, Samnanger kommune og Fusa kommune møtest 10. november til samtale om "Framtida sin kommunestruktur".

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0023/04	04/00220 TRIVSEL OG HELSEREISER TIL KYPROS. EVALUERING AV ORDNINGA - SØKNAD OM MEDFINANSIERING
0024/04	04/00382 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2005
0025/04	04/00389 LEIGEAVTALE IDRETTSHUSET I HAGABOTNANE

0023/04

**TRIVSEL OG HELSEREISER TIL KYPROS.
EVALUERING AV ORDNINGA - SØKNAD OM MEDFINANSIERING**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune ønskjer å ta del i evt. komande trivsels- og helsereiser til sydlegare strok. Kommunen dekkjer kr 2.500,- til gjennomføring av tilbodsrunde. Utgiftene vert å føra på open omsorg sitt budsjett og finansiert med ubrukt løyving til nattevakt.

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ta del i evaluering av eksisterande ordning.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteken.

Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å ta del i evt. komande trivsels- og helsereiser til sydlegare strok. Kommunen dekkjer kr 2.500,- til gjennomføring av tilbodsrunde. Utgiftene vert å føra på open omsorg sitt budsjett og finansiert med ubrukt løyving til nattevakt.

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ta del i evaluering av eksisterande ordning.

0024/04

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2005

Handsaming i møte:

Alle avgiftene skal i utgangspunktet grunnlagsjusterast med 3% prisvekst. Feieavgifta vert auka med 5 %. 5 dagars barnehageplass skal kosta kr. 2750,-. Barnehagesatsane vert vidarejustert etter storleik. Når det gjeld heimebaserte tenester v/ abonnement vert øvre grense sett ved 4 G i staden for i dag v/ over 5 G. Kommunen føl BIR sine tilrådde renovasjonssatsar. Sakshandsamingsgebyr m.m. for tenester i teknisk eining vert harmonisert mot nabokommunane sine satsar.

Vedtak:

Kommunale avgifter og gebyr i Samnanger kommune for 2005 vert slik dei går fram av vedlegg dagsett 11.10.2004.

0025/04

LEIGEAVTALE IDRETTSHUSET I HAGABOTNANE

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune inngår leigekontrakt med Tysse Skyttarlag for leige av underetasjen i klubbhuset i Hagabotnane for 40 år.

Kommunen tek kostnaden med tinglysing av leigeavtalen.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune inngår leigekontrakt med Tysse Skyttarlag for leige av underetasjen i klubbhuset i Hagabotnane for 40 år.

Kommunen tek kostnaden med tinglysing av leigeavtalen.